



## Saksprotokoll

**Organ:** Kontrollutvalet

**Møtedato:** 25.08.2016

**Sak nr.:** 16/527-11

**Internt l.nr.** 28381/16

**Sak:** 36/16

**Tittel:** **Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 25. august 2016**

**Behandling:**

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1. Status forvaltningsrevisjon v/Deloitte AS
  - Kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune

*FR Kulturminneforvaltninga er forsinka pga vanskar med å få tak i kontaktpersonar i samband med undersøkinga. Rapporten skal bli klar til handsaming i kontrollutvalsmøtet 22. november.*
  - Vurdering av avtalen mellom fylkeskommunen og Wiersholm/DHT

*Fylkesrådmannen har rapporten til verifisering med frist for tilbakemelding 26. august. Etter verifisering skal revisor slutføre rapporten før den vert sendt til høyring. Orienteringane vart tekne til vitande.*
2. Orientering om revidert Delegerings- og innstillingsreglement v/Juridisk sjef Svein Hågård

*Juridisk sjef gjekk gjennom endringane i delegeringsreglementet, som vart vedteke av fylkestinget i juni. Orienteringa vart teken til vitande.*
3. Tertialrapport 1/2016

*Tertialrapporten vart teken til orientering.*
4. Orientering frå leiar og kontrollsjef

*Leiar orienterte om fylkesutvalet si handsaming av notat om fusjonering av SF revisjon, Kryss revisjon og Kommunerevisjonen i Nordfjord.*

*Kontrollsjef orienterte om status i planlegginga av Brussel-turen. Orienteringa vart teken til vitande.*

